

# Årsmelding

## Øystese Kyrkjelyd, 2023

- godkjend av Øystese sokneråd-

Soknerådet hadde 9 ordinære soknerådsmøte i 2023, eit felles møte med det nye soknerådet

Heile soknerådet med vara var innkalla og møtte til soknerådsmøta:

Sokneprest Roar Strømme  
Kjell Dysvik leiar  
Ruben Øystese nestleiar  
Astrid Lunestad skrivar  
Therese Rykkje kasserar/kontakt Himal Partner  
Oddvar Ulltang  
Marita Dalatun kontakt Øystese barnekor  
Erna Haltvik  
Eli Skaar Kvarv

**Vara:**

Mari Laupsa  
Bente Helen Rykkje Jordalen  
Jan Hellingsrud  
Edel Huse  
Sveinung Lid Aalvik

Soknerådet for 2024-2028 (som legg fram denne årsmeldinga) er:

Sokneprest Roar Strømme  
Kjell Dysvik leiar  
Astrid Lunestad nestleiar  
Ruben Øystese  
Therese Rykkje kasserar/kontakt Himal Partner  
Aina Vågen  
Hilde Måge Kristiansen  
Anne Britt Berge  
Kjell Arne Gjørn  
Vara:  
Gunnlaug Sekkingstad  
Bård Magnus Grønset Lundestad

Årsmelding og rekneskap for 2023 vart godkjent av Øystese sokneråd 13.2.24 og vert lagt fram til orientering på årsmøtet for kyrkjelyden, 03.03.23. I tillegg til denne årsmeldinga er det utarbeidd og innsendt til Kyrkjerådet: "Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2023" - med tal frå arbeidet i Øystese sokn.

## **Gudstenester m.m. i Øystese sokn i 2023 (2022-tala i parentes):**

Det er halde 29 (35) søndagsgudstenester i Øystese kyrkje med eit snitt på 118 (93) deltakarar. 11 gudstenester hadde også dåp. 22 (30) born er døypte. Det var 23 (19) konfirmantar, 7 (7) vigslar og 22 (22) gravferder. Det er halde friluftsgudsteneste i Fitjadalen og det vart også gjennomført skulegudstenester for barnetrinnet. Kvar tredje veke, utanom juli, er det andakt i tredje etasje på Øysteseheimen og ein felles andakt for første og andre etasje der. Vidare er det andakt på Dagsenteret på Øysteseheimen og på Mikkjelsflaten. Også barnehagane har vore på besøk i kyrkja, tilrettelagt av kateketen.

Totalt tal deltakarar på alle gudstenestene var 3713,- (3243,-).

Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 46429.88,- (44936,-) Offer til lag og organisasjonar var kr. 100569.70,- (82943,-)

**Rekneskapsresultatet** for 2023 viser eit overskot på kr.18369,80 (underskot 19.759,76). Saldo bank ved årsslutning kr.62.489,80 (kr. **44.130,11**). Rekneskapen er revidert og godkjend.

## **Kyrkjeleg fellesråd:**

Øystese Sokneråd sine representantar i Kvam Kyrkjelege Fellesråd var i 2023 Kjel Dysvik og Astrid Lunestad (vara Ruben Øystese) . Året har vore prega av det store underskotet som fellesrådet hadde opparbeidd og uvisse knytta til dette. Vi er takksame til Kvam herad som gjekk inn og hjelpte med underskotet og ikkje minst Olav Skeie Lid som gjekk inn med stor innsats for å få orden på drifta. Økonomien er no ordna (om enn anstrengt) for fellesrådet. Det må seiast at vi har merka uvisse og «bekymring» for situasjonen. Men dette har i mindre grad spela **direkte** inn på arbeidet i Øystese sokneråd.

## **Kyrkjebladet:**

Kyrkjebladet dekkjer Vikøy, Øystese, Strandebarm og Ålvik sokn. Olav Skeie Lid (no fungerande kyrkjeverje) har vore redaktør frå starten av 2023. Redaksjonsnemnda består av redaktør og ein representant frå kvart sokn. Frå Øystese har Arne O. Øystese vore representant. Kyrkjebladet kjem ut med 4 nummer i året. Gåve-/frivillig abonnement er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet vil få takke for den jobben som vert gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på.

## **Open Kyrkje:**

Sommaren 2023 hadde me ein forenkla versjon, der tilsette på Kabuso låste opp og lukka kyrkja i opningstida til Kabuso. Vi er takksame for at desse har teke på seg arbeid med opplåsing og lukking av kyrkja.

### **Ny liturgi:**

Spørsmålet om ny liturgi ventar avklaring på bispedømekontoret. Ynskjete om liturgi som var reist frå vårt og Ålvik sokneråd vart, noko uventa, avvist av bispedømet. Dette etter ei innskjerping som kom **etter** at prosessen om val av liturgi var sett i gang. Vi lyt avklare kva slags liturgiynskje vi har no, og fremje nytt forslag til bispedømet.

### **Kyrkjelydsavtale mellom Øystese sokneråd og Himal Partner:**

Øystese kyrkjelyd har framleis samarbeidsavtale med Himal Partner. Soknerådet sin kontaktperson har vore Therese Rykkje. Avtalen omfattar informasjon om arbeidet til kyrkjelyden og innsamling av støtte til dei prosjekta Himal Partner til ei kvar tid treng støtte til. Ved kvar gudsteneste vert arbeidet til Himal Partner bede for i forbøna.

### **Diakoni:**

Soknet vårt har ein vedteken diakoniplan.

Ein god del av arbeidet her vert gjennomført av dei tilsette i kyrkja, med blant anna institusjonsbesøk.

Etter at Lars Arne Vik slutta, har vi i vårsemesteret gjennomført føremiddagstreff ein gong i måndagen, med hjelp av soknerådet og frivillige. Desse er blant andre Harald Kjosås, Wenche Øystese, Eli Kvarv og Kirsten Melstveit. Dei to siste hadde, saman med andre, ansvar for måltidsdelen under føremiddagstreffa, også når Lars Arne Vik leia desse. I frå i haust er det samarbeid med Vikøy om føremiddagstreff (annankvar månad kvar plass). Eli og Kirsten er med i komiteen som legg planer for arrangementa, saman med prestane.

I 2023 har **Kyrkjeklubben** vore samla til månadlege samlingar i Norheimsund kyrkje. Ein har først ei kort gudsteneste og deretter kveldsmat. Det har vore god oppslutnad om desse samlingane.

Av arrangement i kyrkja må også nemnast at Arne O. Øystese inviterte til «Fest på kjerka». Det er god oppslutnad om desse flotta arrangementa.

### **Trusopplæring i Øystese 2023:**

Kari Furnes Aalvik og medhjelparar har stått for søndagsskularbeidet. Dei har gjennomført 3 samlingar pr. semester heime hos seg. I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine.

Både vår og haust 2023 vart det arrangert **babysong** i Norheimsund kyrkje. Babysong er eit tiltak for heile Kvam, og totalt deltok 49 på desse samlingane. Gjennom året har kateket og kyrkjelydspedagog, i samarbeid med soknerådsmedlemer, invitert til følgjande trusopplæringstiltak: **Kyrkjekino, Tårnagent, Krølletreff, Skulestartbok, Lys Vaken og Krubbevandring.**

### **Barnekoret:**

Dirigent Eirin Beate Åserud-Løvlid har i samarbeid med foreldregruppa i koret stått for dette tilbodet i 2023. Me set stor pris på arbeidet, og gler oss over at koret deltek på gudstenester og syng mellom anna

på Mikkjelsflaten og Øysteseheimen. I tillegg til svært kyndig leiing frå dirigenten, har ein ei aktiv og handlekraftig foreldregruppe her.

### **Konfirmantarbeid:**

Skuleåret 2022-2023 hadde Øystese sokn 19 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamnleg frå september til mars til undervisningsøkter i Øystese kyrkje og Øystese bedehus. I tillegg har konfirmantane møtt på sju gudstenester i løpet av konfirmasjonstida, samtalegudsteneste og konfirmasjon medrekna. Gledeleg var det at konfirmantane i starten av vinterferien 2023 fekk vere med på KRIK-konfirmantleir på Framnes. Konfirmantane hadde hatt ein svært kjekk leir med gode møte og kjekke aktivitetar. Saman med foreldre og føresette fekk dei også ein eigen konfirmantfest etter samtalegudstenesta 3. mai. Soknerådet stelte i stand ei triveleg samling.

### **Fasteaksjon 2023:**

Etter to år med covid, kunne me endeleg saman med konfirmantane gjennomføra fasteaksjonen igjen! Framifrå innsats av konfirmantar og foreldre som sjåførar!

### **Kyrkjebygget og området rundt:**

I 2023 har arbeidet med vøling av taka over sakristia halde fram. Kyrkjeverje og fellesråd har vore i dialog med Kvam Herad om utfordringane kring omfattande vedlikehald av kyrkjene våre. Det er gjort vurdering av kyrkjetaket, og det er store pengesummar som krevst her. I denne omgang kom ikkje Øystese med på prioriteringa, men Strandebarm får frå 2024 av ei større oppgradering, finansiert av Riksantikvar og heradet. Vona er at Øystese også snart kjem med.

Øystese Grendeutval skaffa midlar og har erstatta **gjerdet** mot sørvest med planta hekk. Dette også med hjelp av pensjonistgjengen i Øystese (dugnadsarbeid). Arbeidet var utført i samråd med arkitekten som har ansvar for minnelunden i same område (Gøril Kjosås). Vi er svært takksame for gåve og innsats. Det må nemnast at området rundt kyrkja har vorte mykje betre stelt i laupet av sommaren. Dette etter at kyrkjeverja hyrte pensjonist Bjørn Huse til stell og beskjæring (*overgrodd* mange stader). Vi er takksame for at dette er så fint ordna.

### **Personalsituasjonen 2023:**

#### **Tilsette/staben, Vikøy og Øystese:**

Fungerande kyrkjeverje/dagleg leiar frå vår 2023: Olav Skeie Lid

Kyrkjeverje til 30.06.23: Sigrid Karin Tufteland

Sakshandsamar: Inger Karin Tordal

Sokneprest: Roar Strømme

Sokneprest: Vetle Karlsen Eide

Kateket: Mampion Andriamandimby

Eivind Daniel Røed: trusopplærar/konfirmantleiar i Vikøy og i Øystese sokn

Vikar for kyrkjelydspedagogen: Bryna Opdal (40%)

Vikar for kyrkjelydspedagogen: Solfrid Lindøy (30%)

Organist: Sevinj Asgarova Øvrehus

Organist: Ulf Krupka

Leiar for barnekoret i Øystese (20 %): Eirin Beate Åserød Løvlie

Kyrkjetenar: Franckie Mario Andrianaivo

Kyrkjetenar: Bjørn Kåre Thorvaldsen

Kyrkjegardsarbeidar: Heine Ugletveit og Arne Severin Sandal

Klokkarteam i Øystese (desse er frivillege): Wenche Øystese, Helga Almenning, Inger Dysvik. I tillegg har Ruben Øystese, Astri B Lunestad og Oddvar Ulltang frå soknerådet steppa inn sporadisk.

**Samarbeid med Øystese indremisjon:** Me set svært stor pris på samarbeidet med Øystese indremisjon, og er takksame for å kunna bruka bedehuset til både konfirmantundervisning, fasteaksjonen, konfirmantfest og soknerådsmøte.

**Til sist:**

Soknerådet vil takka prestane våre og alle tilsette for arbeidet de utfører i bygdene våre! Ei særleg takk går til dei som arbeider som prestar etter pensjonsalderen, som Roar Strømme, og pensjonert prost Arne O. Øystese.

Me vil også takka klokkarteamet for det solide arbeidet dei gjer, og for bidraget til foreldregruppa for ungdomskoret! Det er kjekt at det kjem nye til når det er tid for avløysing. Takk også til frivillige, lag og organisasjonar som stiller opp og hjelper til ved ulike arrangement.

Soknerådet 2019 – 2023 har tilbakelagt det fjerde og siste året år, og nytt sokneråd er no i funksjon med fire av oss som var med førre periode. Me kan gleda oss over eit normalt år utan pandemi. Vi er også takksame for å kunne drive arbeid i eit fredeleg hjørne av verda – no når krig og konflikt i såpass stor grad har fått prega nyhende-biletet i verda elles.

Me vonar at 2024 kan bli eit godt år, og at me saman kan byggja kyrkjelyd og fellesskap der mange kan få møtast!

På vegne av soknerådet  
Kjell Dysvik  
Leiar

13.02.2024